



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Høyanger Kyrkjelege fellestråd**

Marcus Thranes gate 3  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100  
Kyrkjekontoret 04.02.2022

## **Møteprotokoll Høyanger kyrkjelege fellestråd**

**Møtedato:** 03.02.2022

**Møtetid:** Kl. 10.00

**Møtestad:** Høyanger kyrkjekontor

### **Til stades:**

May-Wenche Fossmark, Vidar Myren, Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Tonje Førde Systad, Torunn Styve, Sissel Sørebo, Andreas Ester.

**Fråverande:** Kenneth Førde, Frode Merkesvik

### **Kopi av møteprotokollen går til:**

Veronica Vågen, Lars Petter Amundrud, Ellinor Austreim, Aud Kjersti Haugen, Rolf Aamot, Monica Sunde Tjønnås, Toril Børkum, Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekklus, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, Toril Lange, postmottak Høyanger kommune, Karl Hjelmeland

### **Sakliste**

#### **Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok**

Innkalling og møtebok vart godkjent utan merknader. Til saklista vart det meldt inn 2 ekstra meldingssaker: Møtedatoar og status i saka som gjeld glasmåleri i Høyanger kyrkje. Av omsyn til dei som måtte reise tidleg vart vedtakssakene handsama først.

### **Meldingssaker**

- 01 Soknepresten har ordet.**  
Soknepresten las søndagens tekst om Jesus som stilte stormen, og reflekterte litt omkring dette. Deretter song kyrkjevevja salme nr. 424 i salmeboka.
- 02 Rekneskapsrapport 2021** – Rekneskapsrapporten viser ein stor budsjettsprekke i 2021. Det må lagast ein plan for inndecking av meirforbruket.
- 03 Trusopplærarstillinga** – Kyrkjevevja orienterte. Stillingsutlysing må gjerast snarast.
- 04 Kyrkjevedlikehald** - Måling av Lavik kyrkje i 2022. Arbeidet må lysast ut snarast
- 05 Kyrkjegardsslått** – Anbudsutlysing for perioden 2022-2024 må gjerast snarast.
- 06 Kyrkjetenarstillingane** - Stillingane skal samanliknast.
- 07 Tilskot til frivillig arbeid i kyrkjelydane** – Rapportfrist innan 1. juni 2022.
- 08 Kyrkjevevjestillinga** – Kyrkjevevja går av med pensjon ved utgangen av året. Stillinga må lysast ut snarast. Nemnd for utlysing skal opprettast snarast.
- 09 Møteplan** – 17.03. – 28.04. - 23.06. Resten av møtedatoane fastsetjast seinare
- 10 Glasmåleriet i Høyanger kyrkje** – Rapporten er distribuert. Det må lagast ein tiltaksplan og kalkyle over nødvendige utbetringar.

## Vedtaksaker

### 001/22 Oppseiing av stillingsdel som reinhaldar ved kyrkjekontoret

Høyanger kyrkjekontor er no flytta til Høyanger samfunnshus, og i leigeavtalen med Høyanger kommune er reinhald av lokala mellom dei ting som er inkludert i leiga. Behovet for å ha eigen stillingsdel som reinhaldar ved kyrkjekontoret er dermed falle vekk. Det er halde drøftingsmøte med den tilsette, og Kyrkjeleg Adm. utval har gjeve uttale i saka.

#### Vedtak:

Reinhald av kyrkjekontoret i Marcus Thranes gate 3 (Samfunnshuset) er inkludert i leigeavtala med Høyanger kommune. Reinhaldstillinga på 9,1% som var knytt til kyrkjekontoret sine lokale i Dalevegen 4 vert difor lagt ned. Oppseiingstida for den tilsette er 2 mnd. rekna frå 01.03. 2022. Samrøystes.

### 002/22 Organisering av kyrkjeskys i Høyanger sokn

Høyanger sokneråd ynskjer å tilby skys til dei som har problem med å kome seg til kyrkja på eiga hand, og rådet vil at kyrkjekontoret v/kyrkjeverja skal administrere ordninga. Saka var oppe i fellesrådet som sak 022/21, men vart då utsett.

#### Vedtak:

HKF ser det som positivt at sokna iverkset tiltak for å auke oppslutnaden om gudstenestene. Fellesrådet meiner at sokna sjølve er dei som best kan vurdere kva einskildtiltak som vil fungere for dei, og det vil vere naturleg at sokna sjølve også organiserer desse. Kyrkjeskys til vanlege gudstenester i Høyanger tettstad er eit slikt tiltak. Kyrkjekontoret vil ikkje kunne administrere dette, eller tilsvarende tiltak elles i kommunen. Vedteke med 5 røyster, 1 røyst mot, og 2 blanke røyster.

### 003/22 Brev frå Sogn og Fjordane Indremisjon

HKF har motteke eit brev frå Sogn og Fjordane Indremisjon datert 19.12.2021. Det vart der sett fram eit siste forslag til sokneråd og fellesråd, for å prøve å sikre framtida til Høyanger Bedehus, fram til eit nytt kyrkjeval i 2023. Framlegget går ut på at sokneråd og fellesråd kan få bruke bedehuset til våre ymse aktivitetar, mot å betale ei månadleg leige på kr. 3 000. Dersom dette ikkje er interessant for oss, vil det gå mot ei snarleg nedstenging og avvikling av Høyanger Bedehus.

#### Det kom 2 framlegg til vedtak:

**Framlegg 1:** Høyanger kyrkjelege fellesråd takkar nei til den leigeavtala S&F Indremisjon foreslår. Kyrkjekontoret sender brev med HKF sitt vedtak til Indremisjonen innan 05.02.2022. Dette framlegget fekk 3 røyster for, 3 røyster mot, og 2 blanke røyster.

**Framlegg 2:** Høyanger kyrkjelege fellesråd tek imot tilbodet frå SFI om å leige Høyanger bedehus i 20 månader til kr. 3000 pr. mnd. Av dette betaler Geir og Sissel Sørebo kr. 1000 pr mnd, og Bjørnar Otterstein kr. 1000 pr. mnd. Dette framlegget fekk 3 røyster for, 3 røyster mot og 2 blanke røyster.

**Vedtak:** Saka vert utsett til neste møte 17.03.2022. Det vert då skriftleg votering. Kyrkjeverja søkjer SFI om utvida svarfrist.

Bjørnar Otterstein  
Kyrkjeverje